
Fra: Ture Andersen <ture.andersen2@bkkfiber.no>
Sendt: 14. september 2016 15:19
Til: Postmottak Meland
Emne: Gnr.10, bnr. 42 Holme i Meland - KLAGE

Kategorier: Grønn kategori

Til : Meland Kommune

**GNR. 10, BNR. 42 HOLME I MELAND : RIVING AV HYTTE OG OPPFØRING AV
EINEBUSTAD OG GARASJE - KLAGE TIL FYLKESMANNEN I HORDALAND**

Underskrivne syner til mottaken e-post 14.09.16 frå Meland kommune ; der det framgår at administrasjonen har godkjent riving av eksisterande hytte og oppføring av einebustad og garasje på denne parsellen. Denne hytte-eigedomen ligg i eit område som er regulert til kulturvernområde av styresmaktene (grunna ma. Holmestova frå 1551 og Sjøbua Museum).

I reguleringsføresegnene til denne planen, dagsett 11.05.94, står følgjande : " Byggjesaker skal leggjast fram for fylkeskonservator til uttale før handsaming i hovudutval tekniske saker ".

Når denne avgjerda er teken av administrasjonen, så representerer denne etter fullmakt " hovudutval tekniske saker " . I dag har dette utvalet namnet " Utval for drift og utvikling " (UDU). Det går fram av sakspapira at fylkeskonservator ikkje har vore inne i denne saka FØR administrasjonen fatta sitt vedtak. I staden har kommunen fått uttale frå eigen tilsett - og lagt denne til grunn for avgjerd i saka.

Etter mi vurdering er dette ein grov sakshandsamingsfeil ; og eg ankar hermed denne saka inn for Fylkesmannen i Hordaland.

Holmeknappen, den 14. september 2016

Med helsing

Ture Andersen
Eigar av gnr.10, bnr. 6